
Saknr: 2020/41573-1
Saksbehandlar Karstein Oen
Dato: 02.04.2020

Til: Administrasjonsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Tilsette med innvandrabakgrunn i HFK og SFFK pr 31.12.2019

Basert på tal frå Statistisk Sentralbyrå (SSB) har Hordaland fylkeskommune (HFK) dei siste åra utarbeidd oversyn over tilsette med innvandrabakgrunn. Tala byggjer på første- og andre generasjonsinnvandrarar fordelt på to hovudgrupper av landbakgrunn; Landgruppe A som utgjer innvandrarar frå EU/EØS, USA, Canada, Australia og New Zealand, Landgruppe B som utgjer innvandrarar frå Asia, Afrika, Latin- og Sør Amerika, Oseania med unntak av Australia og New Zealand og Europa utanom EU/EØS.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i utgangspunktet ikkje utarbeidd tilsvarende statistikk som Hordaland fylkeskommune, men i samband med utarbeiding av denne saka har vi henta inn data også for SFFK for 2019. I det følgjande blir rapport for HFK presentert først, deretter for SFFK. Frå 2020 vil vi presentere tal for Vestland fylkeskommune.

Hordaland fylkeskommune

Dei siste tala frå SSB er pr 31.12.2019 og syner at det var 366 (363) tilsette med innvandrabakgrunn i HFK. Dette utgjer 8,4 % (8,4 %) av totalt tilsette i fylkeskommunen. Dei fordeler seg med 177 (173) tilsette i opplæringssektoren, 66 (69) i tannhelsetenesta og 123 (121) i fylkesadministrasjonen inkl. Skyss, Bybanen Utbygging samt Eigedom - drift/reinhald og IKT skole (tala i parentes er frå kartlegginga pr desember 2018). Det har vore ein liten auke for fylkesadministrasjonen og opplæringssektoren medan tannhelsetenesta har hatt ein liten nedgang.

Tabell 1: Tilsette med innvandrabakgrunn fordelt på sektor 2016 -2019

Sektor	2016	2017	2018	2019
Opplæring ¹⁾	191	175	173	177
Tannhelse	54	54	69	66
Fylkesadm m.fl	85	101	121	123
Totalt	330	330	363	366

¹⁾ eksklusiv opplæringsavdelinga

Ser vi på fordelinga etter landbakgrunn er det 196 (200) tilsette frå landgruppe A og 170 (163) tilsette frå landgruppe B. Talet på tilsette frå landgruppe B («ikkje vestlege land») utgjer 3,9 % (3,8 %) av total arbeidsstyrke i HFK. Dette utgjer ein auke på 0,1 prosentpoeng i høve til tal frå 2018.

Tabell 2: Tilsette med innvandrerbakgrunn fordelt etter landbakgrunn

Landbakgrunn	2016	2017	2018	2019
Landbakgrunn A	192	185	200	196
Landbakgrunn B	138	145	163	170
Totalt	330	330	363	366

Den sektorvise fordelinga etter landbakgrunn viser at 16,7 % (17,6 %) av dei som arbeider i tannhelsetenesta har innvandrerbakgrunn. Ser vi berre på landgruppe B så utgjør dei 10,3 % (41 tilsette) av samla arbeidsstyrke i tannhelsetenesta.

Tilsvarende tal for opplæringssektoren viser at 5,5 % av dei tilsette i opplæringssektoren (177 tilsette) har innvandrerbakgrunn, der dei frå landgruppe B utgjør 1,7 % (57 tilsette). Og tal frå fylkesadministrasjonen m.m. (inkludert Skyss, Bybanen Utbygging og driftspersonale eigeleg og IKT konsulentar i skole) viser at 16,6 % (123 tilsette) av arbeidsstyrken har innvandrerbakgrunn, kor 9,7 % (72 tilsette) kjem frå landgruppe B.

Konklusjon: Talet på tilsette med innvandrerbakgrunn (landgruppe A og B) i HFK har auka frå 363 tilsette i 2018 til 366 tilsette i 2019. Og tilsvarende har det vore ein auke i tilsette frå landgruppe B frå 163 til 170 i same periode. Tilsette med innvandrerbakgrunn i HFK utgjør 8,4 % av total arbeidsstyrke pr. 31.12.2019.

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Tal frå SSB syner at det var 101 tilsette med innvandrerbakgrunn i SFFK pr. 31.12.2019. Dette utgjør 7,4 % av totalt tilsette. Dei fordeler seg med 72 tilsette i opplæringssektoren, 7 tilsette i tannhelsetenesta og 22 tilsette i den sentrale administrasjonen.

Fordelinga etter landbakgrunn går fram av tabell 3.

Tabell 3: Tilsette med innvandrerbakgrunn etter landbakgrunn

Landbakgrunn	2019
Landbakgrunn A	42
Landbakgrunn B	59
Totalt	101

Dei med landbakgrunn B utgjør 4,3 % av total arbeidsstyrke i SFFK. Dette er prosentvis litt høgare enn talet for HFK der dei med landbakgrunn B utgjør 3,9 % av arbeidsstyrken.

Konklusjon: Samanliknar ein tala frå HFK og SFFK så er det små forskjellar når ein tek utgangspunkt i talet på tilsette med innvandrerbakgrunn sett i forhold til den totale arbeidsstyrken.